

VARSEL OM OPPSTART OG HØYRING AV PLANPROGRAM

Detaljregulering for gnr. 95, bnr. 18, 49 m. fl. Ljonesvågen – Setjefiskanlegg. PlanID: 20220004.

Med heimel i plan- og bygningsloven §12-8 og §12-9 vert det varslet at Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS har starta arbeid med detaljregulering for tiltakshavar BioFish AS i Ljonesvågen.

Planområdet er på 59,4 daa og ligg inst i vågen kring det eksisterande næringsarealet til BioFish, samt ei buffersone kring deler av Ljoneselva, mogeleg område for utviding i sjø og på land, og tilkomstvegen.


Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ombygging og utviding av dagens setjefiskanlegg til postsmolt-/matfiskanlegg, samt drive fram eigen matfisk. Biofish ønsker m.a. å endre bruken frå gjennomstrømsanlegg til resirkuleringsanlegg for å auke produksjonskapasiteten, utan auke i vassforbruk.

Planønske er delvis i tråd med kommuneplanen (KPA) og delvis i konflikt, nærare bestemt er utvidingsønske i sjø og i LNF-areal i konflikt med KPA, medan det resterande næringsområdet elles er i tråd med KPA.

Planønske utløyser krav om planprogram og konsekvensutgreiing ettersom det er vesentlege verknader for miljø og samfunn. Dette kjem m.a. av at ein har registrert naturtypen blautbotnsområde i sjøområdet der tenkt utfylling skal ta stad. Med det som bakgrunn varslast det hermed og om at planprogrammet vert lagt ut på høyring.

Føremålet med planprogrammet er i hovudsak å setje føringar for det vidare planarbeidet. Særleg med tanke på kva utbyggingsalternativ som vert vurdert, og kva utgreiingar planønsket utløyse. I planprogrammet ligg det no opp til 5 ulike utbyggingsalternativ i tillegg til eit 0-alternativ. Arbeid med detaljregulering utløyser og krav til ei risiko- og sårbarheitsanalyse.

Eventuell merknad til planarbeidet skal sendast skriftleg til Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS, Postboks 103, 5649 Eikelandssøsen, eller til post@byggadmin.no innan **17.03.2023**.



Ved spørsmål, innspel eller for oversending av planinitiativ, planprogram og referat frå oppstartmøte kan ein kontakte Petter E. T. Flotve på tlf.: 957 95 230 eller petter@byggadmin.no.

Varslet ligg og på vår heimeside <https://byggadmin.no/kunngjeringar/> samt <https://www.kvam.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/kunngjering-hoyring/>



BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s